

**Fodstad Solveig**

**Fra:** Postmottak OED  
**Sendt:** 1. mars 2005 07:43  
**Til:** Fodstad Solveig  
**Emne:** VS: NOU 2004:26

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
04 / 1944 - 146	
DATO - 1 MARS 2005	
AN	EKSP.
521	

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Fyresdal kommune [mailto:postmottak@fyresdal.kommune.no]  
**Sendt:** 28. februar 2005 15:31  
**Til:** Postmottak OED  
**Emne:** NOU 2004:26

Vedlagt ligg uttale frå Fyresdal kommune til NOU 2004:26

**Vedtak i Kommunestyret - 24.02.2005:**

Fyresdal kommune er av den meining at Storting og regjering må stå fast ved haldning si frå 1994 (EØS-avtala), om at forvaltning av våre viktigste naturressursar ligg utanfor EØS-avtala. Før regjeringa fremmar forslag om nye konsesjonslover for behandling i Storting, må det juridiske handlingsrommet innafor EØS-avtala utredast.

Forslag til nye konsesjonslover må legge til rette for at offentleg eigde kraftverk kan fortsette eit langsiktig eigarskap. Fjerning av det offentlege eigarskapet til vasskrafta og dermed fjerning av store verdiar og mykje kompetanse frå det norske samfunn vil ha store konsekvensar for kraftpris, levringsikkerhet, sårbarhet og næringsutvikling i alle regionar.

Dersom dette ikkje let seg gjere vil Fyresdal kommune stø mindretalets forslag, og vil anbefale Transaksjonsalternativet som det beste alternativ i utforminga av nye konsesjonslover, forutsett at dette alternativet ikkje er i strid med EØS-avtala.

## Møtebok

### Høyringsuttale: Heimfallsutvalet si innstilling, NOU 2004: 26

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
008-05	Kommunestyret	24.02.05

#### Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

#### Dokument i saka:

NOU 2004: 26 Heimfall  
Diverse notat og uttaler

#### Bakgrunn for saka

I 1909, då konsesjonslovene blei vedte, blei det innført såkalla heimfall i samband med konsesjon for utbygging av vannkraft. Heimfall tyder at etter ei bestemt tid (60 år), skal kraftanlegga falle tilbake til det offentlege. Dette ved ei deling av verdiane mellom staten og utbyggingskommunen. Heimfall gjeld bare private og utanlandske eigarar. Offentlege eigarar har konsesjon utan tidsgrense. Eit kraftanlegg blir rekna som offentleg når det offentlege sin eigardel er minst 2/3.

Det har vore eit utval i arbeid for å sjå på endringar i reglane for heimfall.

Bakgrunnen for konsesjonsreglar og heimfall er utan tvil slik som eit samla utval uttalar:

*"Vassdragene representerer fornybare og evigvarende ressurser av stor nasjonal verdi, både økonomisk og miljømessig. I dag er kraftproduksjon den viktigste økonomiske utnyttelsen. Vannkraften utgjør 99 prosent av kraftproduksjonen i landet og er av grunnleggende betydning for verdiskapingen og velferden."*

Grunngjevinga for å vurdere ei lovendring er at reglane i dag gjer forskjell på offentlege og private eigarar og at dette er i strid med EØS-avtala. Heimfall i seg sjølv er ikkje i strid med avtala. Dette er ESA (kontrollorganet) sitt syn, og sjølv om OED (deptet.) meiner at EØS-avtala ikkje gjeld i dette tilfellet har dei likevel sett ned utvalet.

Utvalet si innstilling er i hovudsak delt i eit fleirtal (9 stk) og eit mindretal (3 stk, LO, KS og LVK), sjølv om heile utvalet går inn for at det innførast heimfall for alle grupper. Det er nærare reglar som har store avvik.

For Fyresdal kommune vil konsesjonsvilkår og heimfall tyde mykje, som utbyggingskommune og som eigar av kraftverk i Skafså og Sunsbarm.

#### 1. Konsesjonstid (Tidspunkt for heimfall):

- Fleirtalet: 75 år
- Mindretalet: 60 år

#### 2. Heimfall innførast (for offentlege):

- Fleirtalet: Når lovendringa blir vedteke (2005?)
- Mindretalet: Når eit kraftverk i framtida skifter eigar (transaksjonsmodellen)

### **3. Heimfall for private:**

- Fleirtalet: Ny konsesjonperiode på 75 år når lovendringa blir vedteke
- Mindretalet: Konsesjonane blir vidareført utan endringar.

### **4. Vilkår ved heimfall:**

- Fleirtalet: Konsesjonæren får rett til ein eigardel av anlegget (partiell heimfall) eller del av verdien på tidspunktet for heimfall.
- Mindretalet: Primært: Nye reglar blir utløyst ved eigarskifte\_(transaksjonsm.)  
Sekundært: Offentlege konsesjonar som misser evigvarande konsesjonar, får rett til ein eigardel av anlegget eller ein del av verdien på tidspunkt for heimfall.

### **5 Fordeling av verdiane ved heimfall:**

- Fleirtalet (alle): Inntil 1/3 av verdien skal gå til utbyggingskommunen (som I dag). Ved store utbyggingar skal denne andelen reduserast (trappetrinnmodellen) og det resterande skal gå til fylkeskommunen eller tilsvarende forvaltningsnivå. (staten sin representant går imot det siste.)

I eit stort og omfattande dokument er dette dei punkta det i større eller mindre grad ikkje er semje om.

### **Vurdering**

Under føresetnad av at vasskraft som energikjelde vil ha stor nasjonal verdi også i framtida, er det i hovudsak mindretalet sitt syn som samsvarar med Fyresdal kommune sitt syn. Heimfall er langsiktig kontroll med den viktigaste naturressursen vår. Reglane for heimfall må legge avgjerande vekt på nasjonal eigarskap og kontroll. Dette er ikkje minst viktig for at Noreg kan føre ein nasjonal energipolitikk. Sjølv om vasskraft er ein svært miljøvenleg energi har den også negative sider for miljøet. Desse negative sidene råkar fyrst og fremst utbyggingskommunane. Dette er viktig å ta omsyn til når ein utformar framtidige reglar for heimfall.

Konsesjonstid på 60 eller 75 år vil ikkje ha så stor betydning. Dette ligg i alle høve langt inn i framtida. Det er difor ingen sterke argument for å endre konsesjonstida som i dag er 60 år.

Innføringsmodell for offentlege verk og endra reglar for private verk er mykje viktigare for kommunen si vurdering av spørsmålet.

Fleirtalet i utvalet vil ha strenge reglar for offentlege verk (75 år frå lovtidspunkt) og lempelege reglar for private/utanlandske eigarar (nye 75 år frå lovtidspunkt) Dette kan ikkje vere i kommunen sin interesse.

Vilkår ved heimfall er og viktig for kommunen. At private eigarar skal behalde delar av verket eller verdien er mykje gunstigare enn i dag. For offentlege eigarar, som får begrensa eigartida, vil dette vere rimeleg.

Fordeling av verdiane ved heimfall er sjølvstendig viktig for kommunen. Heimfall for "alle" vil over tid gjere potten til fordeling mykje større, og det er viktig at kommunen sikrar seg så stor del av denne potten som mogeleg. Her kan vi få kompensasjon for dei verdiane som systematisk er flytta frå kommunane til staten og eigarane dei siste 20 åra.

### **Konklusjon**

I den grad det ikkje er semje i uttalen frå utvalet som har vurdert reglar for heimfall, er Fyresdal kommune einige med mindretalet i utvalet

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.02.2005:**

Fyresdal kommune er av den meining at Storting og regjering må stå fast ved haldning si frå 1994(EØS-avtala), om at forvaltning av våre viktigste naturressursar ligg utanfor EØS-avtala. Før regjeringa fremmar forslag om nye konsesjonslover for behandling i Storting, må det juridiske handlingsrommet innafor EØS-avtala utredast.

Forslag til nye konsesjonslover må legge til rette for at offentleg eigde kraftverk kan fortsette eit langsiktig eigarskap. Fjerning av det offentlege eigarskapet til vasskrafta og dermed fjerning av store verdiar og mykje kompetanse frå det norske samfunn vil ha store konsekvensar for kraftpris, leveringssikkerhet, sårbarhet og næringsutvikling i alle regionar. Dersom dette ikkje let seg gjere vil Fyresdal kommune stø mindretalets forslag, og vil anbefale Transaksjonsalternativet som det beste alternativ i utforminga av nye konsesjonslover, forutsett at dette alternativet ikkje er i strid med EØS-avtala.

Vigdis Mariedatter Gulbrandsen  
Rådmann

Gunnar Wraa  
rådgjevar